



## Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -  
Sjøholt og Skarbø skule

### Søknad om permisjon frå pliktig opplæring i grunnskulen

Søknaden skal sendast skulen minst 14 dagar før planlagt permisjon

Dette skjemaet skal brukast ved søknad om permisjon utover 1 dag

Ved søknad om permisjon inntil 1 dag, brukar ein meldingsbok

Skule

Eleven sitt namn

Klasse

Tidsrom for permisjonen, frå og med dato

Til og med dato

Grunngjeving for søknaden

#### Opplæringslova § 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. *Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.*

#### Forskrift til opplæringslova § 3-41. Føring av fråvær i grunnskolen

Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar... For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet: Dokumentert fråvær som skuldast helsegrunnar og innvilga permisjonar etter § 2-11 i opplæringslova.

#### Ørskog kommune har følgjande retningsliner knytt til lova:

- Kommunen har delegert til rektor å innvilge permisjon inntil 10 skuledagar pr. skuleår.
- Kontaktlærar kan gje permisjon i inntil 1 skuledag.
- Ein bør unngå permisjon når eleven skal ha eksamen eller tentamen, er midt inne i store prosjekt eller har unormalt høgt fråvær av andre grunnar. Ved avslag på søknaden sender rektor eit grunngjeve vedtak til foreldra.
- Foreldra må sørgje for barna si opplæring i permisjonstida. Ein kan ikkje krevje at lærarane skal legge til rette for opplæringa i permisjonstida, men foreldra kan bruke tilgjengelege årsplanar og arbeidsplanar.
- Søknaden skal sendast skulen minst 14 dagar før permisjonen er tenkt avvikla.
- Det er klagerett på vedtaket. Klaga skal sendast skriftleg til rektor innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Fylkesmannen gjer endeleg vedtak i saka.

Dato

Foreldra si underskrift

Søknaden er innvilga/ikkje innvilga

Stad/dato

Rektor si underskrift